



› 4 Diverse tenesteområde

Dette området omhandlar tenester som ikkje naturleg høyrer inn under andre rammeområde, og omfattar fylgjande tenesteområde:

- Næring:
 - Kommunal beredskap,
 - Næringsliv og bedrifter: etableringar, samarbeid med næringslivet, utviklingsprosjekt
- Jordbruk
- Skogbruk
- Viltforvaltning
- Sosialtenester
 - Lov om sosiale tenester i NAV inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som NAV Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i NAV Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet. Ut over minimumsløysinga deltek NAV Giske i Intro-programmet for flyktningar, som og er ei kommunal teneste, med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

3. Driftsbudsjett

Teneste	4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle tal i heile 1000						
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	2 231	2 792	2 658	2 658	2 658	2 658
2421	FLYKTNINGKONTOR	5	0	0	0	0	0
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 207	0	0	0	0	0
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	0	20	3	3	3	3
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	473	513	923	923	923	923
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 476	2 298	3 791	3 791	3 791	3 791
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-10	-14	-3	-3	-3	-3
3250	NÆRINGSKONTORET	2 048	1 635	1 477	1 632	1 569	1 569
3253	JORD- OG SKOGBRUK	504	423	533	533	533	533
3610	VILTFORVALTNING	88	43	43	43	43	43
	Sum ramme 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE	10 020	7 710	9 424	9 579	9 516	9 516

4. utfordringar og mål for for tenestene 3250 til 3610

4.1. Spesielle utfordringar:

- Vidareutvikle samarbeidsfora mellom kommune og næringsliv med målsetting om å utvikle nye lokale arbeidsplassar.
- Sikre areal for næringsetablering
- Bygge opp att næringsfondet og tilføre det tilstrekkelege midlar for økonomisk støtte til oppstart av småbedrifter og prosjektretta nærings samarbeid
- Kulturlandskapet er utgjør ein svært stor del av kommunen og krev aktiv forvaltning. Føreseieleg arealforvaltning i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

4.2 Satsingsområder

- Strategisk næringsplan er retningsgjevande for arbeidet med nærings saker. Verkemiddel er bl.a. bruk av næringsfond , tilrettelegging av byggeklare næringsareal, deltaking i nettverk, prosjektsamarbeid.
- Gjennomføre synfaringar og gardsbesøk ved behandling av enkeltsaker i landbruksnemnda.
- Rullere kjerneplanen for landbruk
- Reforhandle avtalen om kjøp av landbrukstenester frå Nye Ålesund kommune

4.3 Styringskort og styringsindikator for tenestene 3250 til 3610

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukere	Næringsliv				
	God nærings-utvikling:				
	Kontakt med næringslivet	Antal næringslivs- møter	120	120	120
	Koord. nærings-liv, adm. og politikk	Antal næringslivs-saker	20	20	20
	Resertifisering	ja/nei	nei	ja	nei
Organisasjon	Etablerar-rettleiingar	antall	5	10	15
	Internt; God fagstøtte til organisasjonen	Antal koord.møte	35	35	35
	Informasjon:				
		Innlegg i sos. media pr. år	00	100	100
	God informasjon om løpende saker	Tal følgjarar	3 200	3 300	3 500
Innbyggjarar		Responstid sos.med.	2 dg	2 dg	2 dg
	Beredskap:				
	Revidere bered.-plan	ja/nei	ja	ja	ja
	Rev. ROS-analyse	ja/nei	ja	ja	ja
	Møte i bered.leiing	antall	4	4	4
	I bered.råd	antall	1	1	1
	Gjennomført b.øving	antall	2	2	2
Medarbeidere	Kompetanseøving internt på einings-nivå	antall	3	3	3
	Ikkje aktuelt				
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme		≤ 0	≤ 0

4.4 Kjerneverksemd Tenestene 2420, 2730, 2760,2810 og 2851 (Ansvar 3300 Sosialtenesta (NAV GISKE))

Tenester	Antall brukarar 2018	Antall brukarar 2019 1)	Årsverk 2018 2)	Årsverk 2019 2)
Sosial rådgjeving og veiledning	124	91	0,8	0,7
Gjeldsrådgjeving	23	21	0,4	0,6
Kvalifiseringsprogrammet	3	8	0,2	0,4
Mottekne flyktningar	10	10	0,6	0,6
Økonomisk sosialhjelp	124	91	1,0	0,7
Sum			3	3

1) Tal per september 2019

2) Tal kommunale årsverk ved NAV Giske er 3. Fordelinga på årsverk er høgst teoretisk, sidan og tilsette på statleg side bidreg til å løyse oppgåver innanfor sosialtenesta.

Tenestene vert tatt hand om av NAV Giske. Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Dette er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og NAV Giske har eit tett og godt samarbeid, vi ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

Teneste 2430, tilbud til personar med rusproblem, er flytta i si heilhet til ramme 7.

KOSTRA-tal syner at 1,5 % av innbyggjarene i Giske kommune var mottakarar av økonomisk sosialhjelp i 2018 og at utbetalingane ligg over 3 millionar lågare enn behovsjustert indeks. Altså at Giske kommune har berre litt over halvparten så store utbetalingar som levekårsforholda i kommunen tilseier.

4.6 Utfordringar og mål for tenestene 2420 til 2851

4.6.1 Spesielle utfordringar:

- Ein ser ein trend i auke i utbetalingane innan økonomisk sosialhjelp
- arbeide med alternative tiltak for å halde budsjett innan økonomisk sosialhjelp
- 10 % ressurs til gjeldsrådgeving og 20 % ressurs til flyktningar dekkjer ikkje det reelle ressursbehovet
- Endra statlege reglar vil føre til fleire brukarar som må ha sosialstønad og høgare kostnadar per brukar (mellom anna som følgje av høgare stønadssatsar)
- Fleire brukarar med meir komplekse gjeldsproblem
- Fleire brukarar skal inn i Kvalifiseringsprogrammet
- Auka tal brukarar med samansette utfordringar
- Imøtekome nye oppgåver og krav til tenesteutvikling
- Vedlikehalde og vidareutvikle samarbeidet mellom NAV og kommunen

4.6.2 Satsingsområde for tenestene 2420 til 2851

- Arbeide for å implementere Digitale innbyggertjenester - Sosiale tjenester i NAV (Digisos) for å betre kvaliteten og effektiviteten på sakshandsaminga ytterlegare etter Lov om sosiale tenester, frigi tid til ytterlegare fokus til sosialfagleg arbeid og kome raskare i gang med oppgåver som gjer brukarane sjølvhjelpete.
- Oppretthalde fokuset på konkrete og individuelle vurderingar i saksbehandlinga knytt til vedtak om økonomisk sosialhjelp, slik at nivået på KOSTRA-tala samanlikna med behovsjustert indeks vert oppretthalde.
- Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgeving.
- Oppretthalde fokus og satsing på Kvalifiseringsprogrammet.
- Oppretthalde fokuset på vilkår om aktivitet (aktivitetsplikt) ved tildeling av økonomisk sosialhjelp

4.6.3 Styringskort og styringsindikator for tenestene 2420 til 2851

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukere	Implementere Digitale innbyggertjenester, sosiale tjenester (DIGISOS) i 2020	Alle brukarar på sosialområdet skal nytte DIGISOS som plattform for dialog med NAV Giske			00%
	Minst oppretthalde plasseringa frå 2018) i Kommunebarometeret for sosialhjelpsutgifter	Behovsjusterte tal ifrå KOSTRA	112%	112%	112%
	Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Alle som meld behov skal få tilbod om bistand	16	19	5
	Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyll vilkåra	Giske kommune har i rammetilskotet fått budsjett til å ha 7,1 brukararar i KVP	3	7	10
	Sette vilkår om aktivitet ²⁾ ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Følge intensjonen i Sosialtjenesteloven § 20	100%	100%	100%
Medarbeidere	En trygg og sikker arbeidsplass	NAV Giske sin Verksemdsplan		Følge NAV Giske sin Verksemdsplan	Følge NAV Giske sin Verksemdsplan
	Systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin Verksemdsplan		Følge NAV Giske sin Verksemdsplan	Følge NAV Giske sin Verksemdsplan
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	-15%	≤ 0	

1) Giske kommune utbetaler litt over halvparten så mykje i sosialhjelp som levekårstilhøva i kommunen tilseier.

2) Alle brukarar som er i stand til å vere i aktivitet.